



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 26.10.2015  
Vår ref.: 2015/10345-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 15/3313-15/30459

## **Varsel om kulturhistorisk synfaring - Håland - gnr 143 bnr 1 - deling av grunneigedom - ny bustad - Lindås kommune**

Viser til brev av 22.09.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Nord på garden Håland ligg Hushøgjen, ei gravrøys frå jernalder, med Askeladden id. 118249. Ut frå potensiale for funn av forhistoriske kulturminne i det aktuelle området, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn i samband med kulturminne. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

David Aasen Sandved  
Konstituert fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*